

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 11.10.2016  
**SAKSHANDSAMAR:** Erik Sverrbo  
**SAKA GJELD:** **Oppsummering - SAMDATA spesialisthelsetenesta 2015**

**ARKIVSAK:** 2015/2228  
**STYRESAK:** 124/16

**STYREMØTE:** 02.11. 2016

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Styret i Helse Vest RHF tar oppsummeringa av SAMDATA rapporten for spesialisthelsetenesta 2015 til orientering.

## Oppsummering

I 2015 blei det nytta 138 milliardar for å gi befolkninga ei best mogleg spesialisthelseteneste. SAMDATA gir informasjon om kva desse pengane blir nytta til, og korleis dei blir fordelt mellom ulike sektorar og regionar. Rapporten inneheld informasjon om ressursinnsatsen, bruken av tenestene og utnyttinga av ressursane.

Hovudtrenden innan spesialisthelsetenesta er framleis ei dreining frå døgnbehandling til polikliniske behandling, både innan somatikk og psykisk helsevern. For bruk av helsetenester er det generelle biletet stabile eller noko reduserte forskjellar siste fem år.

## Fakta

Formålet med SAMDATA er å gi resultat på sentrale helsepolitiske spørsmål om spesialisthelsetenesta i Noreg.

## Kommentarar

### Innleiing

Talet pasientar som blei behandla i spesialisthelsetenesta auka med 4,2 prosent frå 2014 til 2015. Det var særleg innan poliklinisk verksemd veksten i talet pasientar kom. Målt per innbyggjar har omfanget av døgnverksemd blitt redusert i store delar av femårsperioden. Unntaket er for rusbehandling, som både i 2014 og 2015 hadde ein vekst i innleggingar, og målt per innbyggjar.

Somatisk verksemd hadde siste år ein produktivetsforbetring, både nasjonalt og i alle dei fire regionane. Siste fem år hadde 3 av 4 regionar ein produktivetsvekst, medan nedgangen i produktivitet kom i Helse Nord.

Prioritering av psykisk helsevern og rusbehandling (TSB) var eit av oppdraga til dei regionale helseføretaka. Regionane hadde alle ein prosentvis sterkare vekst innan TSB enn for somatisk verksemd frå 2014 til 2015. Veksten i den polikliniske aktiviteten har i hovudsak vore sterkare innan psykisk helsevern enn innan somatisk verksemd. Men når det gjeld kostnadar, ventetid og årsverk viser tala ein svakare utvikling for psykisk helsevern.

### Nasjonale hovudtrekk i bruk av spesialisthelsetenester 2011 til 2015

Perioden 2014 til 2015 kjenneteiknast av ein sterkare vekst i talet pasientar per innbyggjar i spesialisthelsetenesta enn tidlegare år. Psykisk helsevern for vaksne og TSB fikk relativt sett flest nye pasientar i femårsperioden. Det har og vore ein klar vekst i pasientar per innbyggjar innan somatisk sektor, medan det har vore marginal vekst i den nasjonale raten for pasientar innan BUP.

Pasientveksten har først og fremst gitt større bruk av polikliniske tenester. Talet innleggingar på døgnavdeling per innbyggjar fortset å gå ned innan psykisk helsevern for vaksne og for somatisk spesialisthelseteneste

Dei regionale forskjellane i bruk av spesialisthelsetenester per 1 000 innbyggjar er stabile. Unntaket er konsultasjonsraten innan TSB, der forskjellen mellom regionane har blitt noko større.

### **Regionale utviklingstrekk i spesialisthelsetenesta**

Dei regionale forskjellane i talet pasientar per 1 000 innbyggjar (pasientrata) har blitt mindre i femårsperioden. For somatisk sektor er endringa svært liten, men dei regionale forskjellane i pasientrate er langt mindre både i somatisk sektor og innan PHV, enn for TSB og BUP. I 2015 var det 6 prosent forskjell mellom regionen med høgast og regionen med lågast pasientrate for psykisk helsevern vaksne (PHV). For somatisk sektor var tilsvarande forskjell 15 prosent. Innan psykisk helsevern for barn og unge (BUP) var forskjellen på 20 prosent (mot 45 pst i 2011). Rateforskjellen var langt større innan TSB, der det var 53 prosent forskjell mellom regionen med høgast og lågast rate i 2015 (62 pst i 2012).

### **Sterk vekst i polikliniske konsultasjonar på tvers av sektorar og regionar**

Veksten i pasientar er reflektert i aktivitetsvekst, og først og fremst i talet kontaktar med poliklinikkane. Den prosentvise veksten i ratane for polikliniske konsultasjonar overstig veksten i pasientratar i femårsperioden. Med få unntak gjelder den generelle utviklinga på tvers av sektorar og regionar.

Befolkninga busett i Helse Vest sitt opptaksområde hadde størst vekst i raten for polikliniske konsultasjonar grunna somatiske tilstander siste fem år (+16 pst). Dette samsvarer med at regionen og hadde størst vekst i talet pasientar (+5 pst).

Konsultasjonsratane innan PHV har og blitt høgare i alle regioner. Forskjellane mellom regionane har samtidig blitt litt mindre. Helse Sør-Øst har i alle åra ein høgare rate enn dei andre regionane. Rateforskjellen til Helse Midt-Norge og Helse Vest var i 2015 på høvesvis 14 og 16 prosent.

Alle dei fire regionane hadde ein vekst i talet konsultasjonar per innbyggjar innan BUP, men Helse Midt-Norge og Helse Vest skil seg frå dei andre ved å ha ein langt større vekst totalt sett (høvesvis 14 og 17 pst). Befolkninga i Helse Vest sitt område framleis har ein klart lågare konsultasjonsrate enn dei andre regionane.

Dei regionale forskjellane i konsultasjonsratar er større innan TSB enn i dei andre sektorane. Dei registrerte forskjellane synes ikkje å ha blitt redusert dei siste åra. Helse Midt-Norge og Helse Vest har totalt sett hatt ein langt sterkare vekst enn dei andre. Helse Vest sin svært sterk

vekst frå 2014-2015 er antakeleg knytt til registrert aktivitet for pasientar som er under LAR-behandling (legemiddelassistert rusbehandling).

### **Færre innleggingar ved somatiske sjukehus og innan psykisk helsevern i regionane**

Omfanget av innleggingar (døgnopphald) per innbyggjar ved somatiske avdelingar har gradvis gått litt ned dei siste fem åra (2-3 prosent). Unntaket er Helse Vest si befolkning som har hatt eit stabilt nivå. Det faktiske talet døgnopphald ved dei somatiske sjukehusa har generelt sett auka noko, men befolkningsveksten er sterkare. Talet døgn befolkninga til saman har overnatta på somatisk sjukehus har samtidig blitt langt sterkare redusert, ein ratereduksjon på mellom 10 og 12 prosent i alle regionar i perioden 2011-2015.

Raten for døgnopphald innan psykisk helsevern for voksen blei redusert i alle regionar frå 2014 til 2015. Forskjellane mellom regionane er ganske stabile heile perioden frå 2011-2015. Det er store forskjellar mellom regionane i døgnopphald for barn og unge innan psykisk helsevern (i prosent), men omfanget er veldig lite.

Det har blitt noko mindre forskjell mellom regionane i raten for innleggingar knytt til TSB i perioden 2011-2015, men forskjellane er framleis store. I 2015 var det ein forskjell på 22 prosent mellom Helse Midt-Norge (høgast rate) og Helse Vest (lågast rate).

Vedlegg 1 - Oppsummering - SAMDATA spesialisthelsetenesta 2015

Vedlegg 2 - Samdata Spesialisthelsetjenesten 2015